

## **Interpellasjon**

# **Fylkeskommunen si rolle for betre kollektivtransport**

**Av: Tom Skauge, SV**

Klimaforliket i Stortinget har no støtte frå alle partia. I 2010 utgjorde klimagassutslepp frå transportsektoren, som omfattar landtransport, innanriks sjøfart og luftfart, fiskeri og ikkje-veggåande mobile kjelder 17,3 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Dette svarte til 32 prosent av Norge sitt samla klimagassutslepp. Fleirtalet i Stortinget sa i ei merknad at transportsektoren er den største utslippssektoren i Norge som i hovudsak er utanfor kvotesystemet. I denne sektoren er potensialet for innanlandske kutt i klimagass størst.

Norge skal fram til 2020 kutte dei globale utsippene av klimagass tilsvarende 30 prosent av Norges utsipp i 1990. Norge skal være karbonnøytralt i 2050.

Hordaland fylke har vedteke at utslepp frå mobile kjelder i Hordaland skal reduserast med 20 % i 2020 i høve til 1991. Utslepp frå vegtrafikk skal reduserast med 20 % i 2020 i høve til 1991, og 30 % innan 2030.

Stortinget vedtok eit mål om at vekst i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. I og omkring storbyområda skal kollektivformål og sykkeltiltak få auka prioritet ved fordeling av samferdsleløyvingane..

Regjeringa Stoltenberg fekk støtte i Stortinget til framlegg om å auke statens tilskot til investering og drift av fylkeskommunal kollektivtransport og andre miljøvennlige transportformer.

I handlingsplan for kollektivtransport som kom frå Regjeringa Solberg heiter det:

«- Vekst i folketal og trafikk, miljøutfordringar og folks behov for rask og effektiv pendling til og frå jobb og fritidsaktivitetar, er viktige utfordringar som må løysast betre. Regjeringa legg difor opp til at det skal satsast meir på kollektivtrafikk enn nokon gong.»

Dette er viktige signal når vi veit at det har tatt vel 20 år frå Bergen gjorde sitt første vedtak om bybanesatsing til første strekket Sentrum-Flesland står klar. Det kan og gje rom for optimisme i ei tid der fylkesrådmannen kommer med framlegg om kraftig auke i billettpris på kollektivtransport.

### **Tre aktuelle tiltak som er varsle fra Regjeringa:**

- Innføre ei ordning med bymiljøavtalar for storbyområda – med forpliktande samarbeid stat-kommune-fylkeskommune. Viktig mål med avtalane: Betre samordning av areal- og transportplanlegging, på ein måte som legg til rette for meir kollektivtransport og fornuftig vegutbygging. Dagens belønningsordning for kollektivtransport og bypakker skal smelte saman i bymiljøavtalar.
- Statleg tilskott til fylkeskommunane for utbygging av infrastruktur for lokal kollektivtransport som dekkjer 50 prosent av investeringeskostnadene, i dei fire største byane. Prosjekta som er aktuelle for tilskott er Fornebubanen i Oslo og Akershus, Bybanen til Åsane i Bergen og nye "superbuss-løysingar" i Stavangerregionen og Trondheimområdet.
- Regjeringa vil vurdere å overføre ansvar for kollektivtransporten frå fylka til kommunane i samband med ei kommunereform.

### Spørsmål til fylkesordførar:

- Vil han ta initiativ til ei regional langtidsplan for styrka kollektivtransport som syner kva tiltak som må til for at all vekst i veksten i persontransporten i Bergen skal komme med kollektivtransport og kommunale bidrag for sykkel og gange, om naudsynt 70% statleg tilskott til bybaneutbygginga?
- Vil han ta kontakt med Bergen kommune med støtte til ei utgreiing om køpris slik at busstrafikk og anna nyttetrafikk kan køyra utan kø og samstundes gje nye driftsmiddel til drift av kollektivtrafikken?
- Vil han be Regjeringa gje auka tilskot til kollektivtilbodet i nye bymiljøavtalar slik at det er mogeleg å nå måla i klimaforliket utan prisauke på kollektivtilbodet?
- Vil han i tråd med Kollektivmeldinga be Bergen kommune ta over ansvaret for kollektivtilbodet i Bergen dersom andelen prisauken gjer at talet på kollektivreisande i Bergen ikkje aukar i same takt som siste år?